

Vik båtforening  
Mars 2019

## Årsmelding Vik båtforening – 2018

Styret for 2018 har vore:

Dagfinn Otterskred (leiar), Bjørn Moheim (kasserar), John Harald Systad (sekreter), Odd Ingolf Dale og Kurt Arne (styremedlemer).

Sidan siste årsmøte har vi fått ny hamnesjef. Bjarne Bjørnstad ynskte å trappe ned, og Bjørn Salbu sa seg viljug til å ta på seg vervet.

Medlemstalet ligg stabilt på 60 stk. +/-

Det er halde 4 styremøter gjennom året. Med unntak om tiltak for å hindre fleire ukontrollerte vasslekkasjar, har ingen kontroversielle saker har vore innom styret.

Kasserar og leiar hadde 28.11.18. møte med teknisk sjef Ramberg i Vik kommune. Han var svært forståelsesfull for at Vik båtforening måtte få ein rimeleg utgang på denne saka, men han var klar på at vi måtte gjere tiltak for å hindre framtidige lekkasjar. Dette er no gjort.

Overgangen frå felles dugnadsdag om våren, til at medlemene tegnar seg til einskildjobbar og oppmøte, for i ettertid å kvittere på dugnadskjema oppslege i skap i bu, vart ikkje noko vellukka prosjekt. Må prøve å utvikle dette betre. Men til tross for dette, er det ikkje mykje dugnadsarbeid som er ugjort.

Straumsøylene på alle kaiene er no sett under spenning. Ny straussøyle på betongkaien er montert og avskjerma mot sjøsprut. Som avtala har Vik utvikling betalt 50% / kr.13000,- for denne.

På landområdet må vi igjen oppmode medlemene til å flytte vogner og båtar som ikkje er i bruk bort frå området. Ikkje er det fint, og det gjer det også svært vanskeleg for den som skal slå graset og holde det ryddig. Ser for oss at vi må bli noko strengare her. Nokre av vognene er framleis heller ikkje merka med båt plassnamn slik som vi vedtok skulle gjerast.

Vik, 4. Mars 2019  
Styret for Vik båtforening